



Bø og Sauherad kommunar

**Interkommunal kommunedelplan for
kulturminne for Bø og Sauherad
2016-2028**

Innhald

1. Innleiing	3
1.1. Samandrag av Bø og Sauherad si historie	3
1.2. Visjon	4
1.3. Frå plan til handling	4
1.4. Revisjon og rullering av kommunedelplanen og handlingsprogram.....	4
2. Kulturminnevern.....	5
2.1. Ansvarsdeling i kulturminnevernet	5
3. Tre satsingsområde for kulturminnearbeid	6
3.1. Vern gjennom forsvarleg bruk.....	6
3.2. Immateriell kulturarv – bevare og formidle	8
3.3. Arkiv, bibliotek og museum.....	9

1. Innleiing

1.1. Samandrag av Bø og Sauherad si historie

Bø og Sauherad er gamle bondesamfunn, med ei rik kulturhistorie som går langt tilbake i tida. Her finn ein mellom anna kyrkjebygg frå 1100-talet, mange stabbur frå mellomalderen, prestegardar og hus frå 16 og 1700-talet. Dette er bygg som framleis står, og mange av dei er i bruk. Kommunane våre har stor tettleik av gravhaugar og kolgroper, samt bygdeborger og noko bergkunst (helleristningar). Her kan ein nemne gravhaugane på Leikvang, Gåra kyrkjestad og den godt bevarte bygdeborga Trælsborg, som stammar frå folkevandringstida (4-500 år e. Kristus).

Frå 15-1600-talet har bygdene i tillegg til jordbruket vore prega av småindustri og handel, som kverner og møller, sagbruk, systuer og felemakeri. Utvikling av bygdene har forma seg etter teknologien, og ein har sett at sentra har vakse og gått tilbake med innføring av nye transportsystem. Handelen og næringa har flytta seg ettersom infrastrukturen var basert på rorskift, dampbåt, tog og bil. Alt frå 1600-talet voks det fram eit industrisamfunn på Hørte, der mykje av transporten var avhengig av rorskifte for transport av jern og malm over vassvegane. Dampbåten kom midt på 1800-talet og gav Sauherad eit oppsving. Gvarv etablerte seg som handelssenter og Akkerhaugen, Årnes og Kolahuset var viktige stader for båt trafikken. Toget som kom i 1920-åra gjorde at Bø overtok som handelsstad for Gvarv, samtidig som Nordagutu vart eit viktig knutepunkt mellom Tinnosbanen, Bratsberg banen og Sørlandsbanen.¹

Kulturminna fortel oss om korleis regionen vår har blitt til. Det kan danne grunnlaget for korleis vi vel å gå vidare i dag. Vår lokale historie er med på å forme vår kollektive forståing for kven vi er, og dermed vår identitet.

Kommunane ser det som verdifullt å gjere vurderingar for å ta vare på eit representativt utval av dei spora våre for fedrane har lagt att etter seg. Kulturminne er ikkje fornybare ressursar, og krev at ein gjer ei aktiv vurdering om forsvarleg bruk og bevaring. Kulturminneplanen må ta omsyn til både bygningar, så vel som tru og tradisjon, materielle, så vel som immaterielle kulturminne.

Med kulturminneplanen ønskjer Bø og Sauherad kommunar å gjere dei verdiane kulturminna ber med seg tydelege, både når det gjeld bruksverdi, opplevingsverdi og kunnskapsverdi. Med ein kulturminneplan ønskjer kommunane å:

- ❖ auke eigen kompetanse på kulturminnefeltet.
- ❖ sikre forsvarleg bruk, og vern av materielle og immaterielle kulturminne.
- ❖ vere ein aktiv aktør og støttespelar for frivillige lag og foreiningar, og grunneigarar, næringsliv, utbyggjarar og investorar, som ønskjer å utnytte areal, kulturminne og –miljø.
- ❖ gjere aktive val som kjem framtidige generasjonar til gode.

Bø og Sauherad har gjennom arbeidet med kulturminneregistrering sidan 2009, samt Kultur- og naturreise prosjektet, etablert eit godt og viktig oversyn over nyare tids kulturminne på kulturminnesok.no. Sauherad historielag og andre frivillige har gitt oss ein grundig og vid database over kulturminne. Dette gir oss eit inntrykk av det særeigne og mangfaldet i vår kulturhistorie. Dei frivillige har gitt kommunane eit særst godt utgangspunkt for denne første kulturminneplanen, og har såleis vore ein viktig pådrivar for sterkare fokus og satsing på kulturminne.

¹ Du kan lese meir om dette i vedlegg 1 - «Bø og Sauherad si historie».

1.2. Visjon

Bø og Sauherad skal vere attraktive kommunar som tek vare på sin historiske identitet, gjennom sikring og formidling av kulturarven.

1.3. Frå plan til handling

Interkommunal kommunedelplan for kulturminne, i Bø og Sauherad, skal vere eit strategisk styringsdokument, som synleggjer kommunane sin politikk på dette feltet frå 2016-2028.

Planprogrammet vart vedtatt i 2015², og er forankra i dei respektive kommuneplanane sine samfunnsdelar.

Til kvart satsingsområde er det formulert eigne mål og strategiar. I dette arbeidet tar vi utgangspunkt i dei rammene vi har som følge av lov, vedtak og andre føringar. Dette gjeld til dømes økonomiske, arealmessige og personalmessige ressursar. Det er viktig å vere klar over at kommunen ikkje er i stand til å nå måla aleine. Kommunane er som aktør avhengig av menneska som bur, arbeider og på ulikt vis verkar i kommunen. Samfunnsutvikling er eit samarbeid mellom kommunen og mange andre aktørar. På fleire område er kommunen sitt beste bidrag, å legge til rette. Dette gjeld også for kulturminnefeltet.

1.4. Revisjon og rullering av kommunedelplanen og handlingsprogram.

Føremålet med planane, er at dei skal påverke dei vedtaka som fattast til dagleg, i forvaltninga og av private. Dette skal gjerast i ei retning som er i samsvar med langsiktige retningslinjer for samfunnsutviklinga. Det er difor nødvendig å ha eit system for korleis planane kan fange opp nye eller endra behov. Det er obligatorisk for kommunen å sjå over og vurdere endringar i styringsdokumenta minst ein gong kvart fjerde år, når eit nytt kommunestyre skal ta stilling til den kommunale planstrategien. Det er naturleg å revidere kommunedelplanen i samband med denne gjennomgangen kvart fjerde år, medan planens handlingsdel skal rullerast kvart andre år, i samband med kommunane sine budsjettbehandlingar.

² Planprogrammet blei vedtatt av det interkommunale styret for kulturminneplanen, 29.09.2015.

2. Kulturminnevern

Kva for verdi eit kulturminne har eller kjem til å ha i framtida, er avhengig av fleire faktorar. Kva for verdier som råder i samtida, kven som har ansvar for å ta vare på dei og kva for tiltak og verkemiddel som blir nytta.

Kulturminne fortel om levd liv og er vår felles historie. Dei kan skape tilhøyrse i små og større fellesskap, og på tvers av generasjonar. Kulturminne er til dømes ynda turmål for friluftsliv og historieinteresserte.

2.1. Ansvarsdeling i kulturminnevernet

Riksantikvaren har det faglege ansvaret for kulturminne nasjonalt. Riksantikvaren er eit direktorat under Miljødepartementet og har ansvar for å gripe inn der nasjonale interesser er truga.

Fylkeskommunen er den regionale styresmakta, og forvaltar sitt ansvar gjennom oppgåver delegert frå Riksantikvaren. Fylkeskommunen har myndigheit til å fatte avgjersler i fleire saker som angår kulturminne, og fører tilsyn med freda kulturminne. Fylkeskommunen kan òg foreta midlertidig freding.

Kommunane har ei nøkkelrolle når det gjeld å sikre kulturminne, gjennom samfunns- og arealplanlegging, og med Plan- og bygningslova som viktigaste hjelpemiddel. Kommunane har ansvar for forvaltning av nyare kulturminne som ikkje er freda, samt ansvar for eigne freda og verneverdige bygg.

Musea har ansvaret for innsamling, restaurering, samt formidling av gjenstandar. Private eigarar tar vare på sine kulturminne- og kulturmiljø fordi kulturminna betyr noko for dei, eller at dei har ein spesiell funksjon. Eigaren sin vilje, kompetanse og erfaring er avgjerande for at kulturminna kan bli bevart på ein tilfredsstillande måte.³

Frivillige organisasjonar, som til dømes historielag, tar ansvar for kulturminne ved å ta på seg skjøtsel, skilting og innsamlings- og sikringstiltak. Det er ikkje uvanleg at private går saman i ei stifting for å forvalte fysiske enkeltminner, med særleg lokal verdi.

³ Les vidare om ansvarsfordeling i vedlegg 2 - «Kulturminne og kriterier for verdivurdering»

3. Tre satsingsområde for kulturminnearbeid

Kulturminnearbeidet for Bø og Sauherad er delt inn i 3 hovudsatsingsområder, som speglar vår visjon. Desse er også valt ut på bakgrunn av regionale og nasjonale forventningar og føringar, og ut frå lokalt engasjement.

Til kulturminneplanen for Bø og Sauherad er det også utarbeida eit notat om hovudtrekka i utviklinga av det miljøet vi lever i dag. Notatet peikar på viktige hendingar som har forma og endra bygdene våre. Dette er eit sentralt bakgrunnsmateriale for å vurdere kva som er viktig å ta vare på.

Dei tre satsingsområda er:

1. Vern gjennom forsvarleg bruk.
2. Immateriell kulturarv – bevare og formidle
3. Arkiv, bibliotek og museum

3.1. Vern gjennom forsvarleg bruk

Kommunen sitt ansvar for faste kulturminne er å sikre freda kulturminne gjennom arealplanlegging, samt å ivareta nyare tids kulturminne utan vernestatus, som er viktig for lokalsamfunnet.

Faste kulturminne frå før 1537 er automatisk freda etter kulturminnelova. Det same gjeld alle ståande byggverk med opphav frå tida fram til og med 1649. Lova fastset ei rekkje forbod og påbod i samband med freding. Freda kulturminne er først og fremst ei fylkeskommunal og statleg oppgåve. Bø og Sauherad skal sikre desse kulturminna gjennom aktiv arealplanlegging.

Dei fleste kulturminna er i dag i privat eige eller forvalta av stiftingar. For kommunane er det viktig at ein støttar desse i arbeidet med å bevare kulturminner.

Nyare tids kulturminne er kulturminne som er yngre 1537 eller bygningar yngre enn 1649. Desse er ikkje automatisk verna, og er kommunane sitt eige ansvar. Ein viktig føresetnad for å kunne ta dette ansvaret, er at kommunane tileignar seg kunnskap om dei kulturminna og kulturmiljø området har, samt gode faglege vurderingar og råd om korleis desse kan og bør ivaretakast for framtidige generasjonar.

I forvaltninga sin natur ligg det at ein må gjere val. Alt kan ikkje og skal ikkje takast vare på. Målet må vere at ein tek vare på eit representativt utval av kulturminne som fortel framtidige generasjonar om korleis Bø og Sauherad har vorte til.

Nyare tids kulturminne kan sikrast med vedtaksfreding i samsvar med Kulturminnelova. Kommunane ser det som viktig at bygningar som i dag ikkje er freda, også kan sikrast ved vern gjennom forsvarleg bruk, framfor freding. Ved å legge til rett for at nyare tids kulturminne ikkje står tomme, kan ein sikre bygg frå forfall.

Det særmerkte med Bø og Sauherad er dei mange kulturlandskapsområda med jordbruksareal. Kulturlandskapa med eplehagar, kornmarker og eldre tun, representerer ein viktig del av landeskaps- og kulturhistoria for kommunane våre. Enkelte av desse områda vert ivaretatt gjennom spesielle bestemmelser eller retningslinjer i kommuneplanane sin arealdel, og definert som «viktige kulturlandskap».

Viktige kulturlandskap for Bø og Sauherad; Nesodden, Evju Bygdetun, Sauherad kyrkje, Liheia, Bøhaugen/Nordbø, Forberg, Jønneberg, Bø prestegard, Gvålåhaugen og Stoklandsheia. Viktige kulturmiljø er regulert til bevaring gjennom lokale reguleringsplanar. Dette gjeld område som Oterholt, Meieriet i Bø, Skoghaugen, Gamlegata i Gvarv, Årnes brygge og Hørteverket.⁴

Bø og Sauherad har i dag ikkje sett av ressursar til kulturminneforvaltning i administrasjonen, sett bort i frå planlegging og regulering i følge plan- og bygningslova. Dei seinare åra har ein finansiert kartlegging og registrering av kulturminne ved hjelp av eksterne midlar frå Riksantikvaren, og frivillig lokalt engasjement.

Hovudmål

Kommunane skal ivareta viktige kulturmiljø og kulturminne.

Strategiar

- *Styrke verdiskaping og næringsutvikling gjennom bruk av kulturarven.*
- *Prioritere arealbruk som fremjar attraksjon, livskvalitet og folkehelse.*
- *Legge til rette for bevaring og forsvarleg bruk av viktige bygningsmiljø og kulturminne.*
- *Legge til rette for formidling av kulturminne og kulturmiljø.*
- *Arbeide for å styrke den administrative kompetansen i kommunane.*
- *Arbeide strategisk for auka utveksling av kompetanse mellom kulturminneforvaltninga, grunneigarar og frivillige.*

⁴ Sjå vedlegg 2, «Kulturminne og kriterier for verdivurdering», for fullstendig liste over omsynssoner og kulturminner verna etter Plan- og bygningsloven.

3.2. Immateriell kulturarv – bevare og formidle

Kulturskulane i Bø og Sauherad tilbyr eit vidt spekter av undervisning til barn og unge, innan både folkekunst og folkemusikk. Gjennom undervisning, utstillingar og konsertar står kulturskulane for viktig formidling og opplæring, som styrker bevaringa av kulturarven vår.

I Bø og Sauherad blir tradisjonane halde i live også gjennom svært aktive folkemusikkmiljø, spelemannslag og dansarringar. Arbeidet desse laga og organisasjonane legg ned, bidrar til at tradisjonar blir ført vidare frå ein generasjon til den neste. Mange unge er aktive i desse miljøa.

Kunst og handverk står også sterkt i Bø og Sauherad. Tradisjonane for kunst og handverk er rike for området, og er viktige identitetsmarkørar for mange. I kommunane bur det mange aktivt utøvande kunstnarar og kunsthandverkarar, som er viktige tradisjonsberarar.

Telemarkfestivalen, er fyrst og fremst ein folkemusikkfestival, blir arrangera kvart år. Elles er det mange konsertar og andre arrangement gjennom året. Norsk Hardingfelesenter AS er viktig for dette arbeidet.

Vi bur i eit område der historieforteljaren og dialektane har ei viktig rolle. Soger, segn og språk har vore viktig for bygging av identiteten vår i generasjonar, og er det framleis. Det har vore gjennomført mange innsamlingar av forteljingar frå tidlegare tider, både før og etter Moltke Moe.

Gjennom aktive idrettslag vert gamle ski tradisjonar halde i god hevd, særleg gjennom arbeidet til Telemarkgruppa i Skarphedin Idrettslag.

Det er avgjerande for bevaring av vår immaterielle kulturarv at det er god dialog og godt samarbeid mellom kommunane og dei frivillige aktørane.

Hovudmål

Kommunane skal legge til rette for ivaretaking og formidling av immateriell kulturarv.

Strategiar

- *Legge til rette for frivillige lag og organisasjonar sitt arbeid med ivaretaking og formidling av immateriell kulturarv.*
- *Kommunane skal vere aktive samarbeidspartar i formidlingsprosjekt.*
- *Arbeide for styrka samarbeid om formidling av vår felles kulturarv mellom skule, barnehagar, kulturskulane, museum, hardingfele- og folkemusikksenter og frivillige.*
- *Kommunane skal støtte aktive tradisjonsberarar som tek vare på og formidlar immateriell kulturarv.*

3.3. Arkiv, bibliotek og museum

Det er mange viktige aktører som arbeider for bevaring av kulturarv. Dei to musea våre, Bø Museum og Evju Bygdetun, har samlingar av ulik art, mellom anna bygningar, foto, gjenstandar og privatarkiv. I tillegg skipar dei til ei rekke ulike arrangement, knytt til kulturminne og kulturarv. Saman med musea er dei lokalhistoriske arkiva i Bø og Sauherad, viktige institusjonar for bevaring og formidling av skriftlege kjelder om vår felles kulturarv.

Folkemusikkarkivet i Telemark held til i Bø, og forvaltar eit omfattande materiale av innsamla folkemusikkstoff og innspelningar frå heile fylket.

Biblioteka våre er viktige møteplassar for innbyggjarane. Dei har store og viktige boksamlingar, lokalhistorisk stoff samt at dei legg til rette for debatt, møte og foredrag.

Det finst òg mange ulike digitale og fysiske arkiv andre stadar som forvaltar store mengder kulturminne og registreringar frå Bø og Sauherad.⁵

Hovudmål

Kommunane skal legge til rette for at privatarkiv, foto og gjenstandar vert sikra og formidla for framtidige generasjonar.

Strategiar

- *Bidra til at drift ved Evju Bygdetun, Bø Museum og dei lokalhistoriske arkiva vert opprettheldt på minimum dagens nivå.*
- *Vere ein aktiv samarbeidspartnar for musea og dei lokalhistoriske arkiva, når det gjeld undervisning, tradisjonsformidling og opplevingar.*
- *Legge til rette for frivillige sitt arbeid med kartlegging og digitalisering av nyare tids kulturminner.*

⁵ [Digitalt museum](#), [Arkivportalen](#), [Kulturminnesøk](#), [SEFRAK](#), [Askeladden](#), [Sentralt stadnamnregister \(SSR; Kartverket\)](#), [Kartdata](#), [Industrimuseum](#), [MUSIT](#), [Wikipedia](#), [Lokalhistoriewiki](#), [Miljøstatus](#), NB-registert.